


# Rett hjelp der barnet bur/MST-CAN

Ved å etablere det evidensbaserete behandlingstiltaket Multisystemic Therapy – Child Abuse and Neglect (MST-CAN), har barnevernstenesta som mål å kunne tilby eit heilskapleg og intensivt behandlingstiltak til familiarer der det førekjem vald og/eller alvorleg omsorgssvikt, og unngå omsorgsovertaking der det er mogleg. Tiltaket ønskjer å bidra til å halde familiane saman, sørge for at barna er trygge, forebygge nye episodar av vald og omsorgssvikt, redusere psykiske helseplager hos familiemedlemmar og forbetre familien sitt eksisterande sosiale nettverk for å gjere endring berekraftig over tid.

## Bakgrunn

Ein opplever ei lokal auke i bekymringsmeldingar om barn som er utsett for vald og anna alvorleg omsorgssvikt frå sine omsorgspersonar. Dei mest alvorlege sakene har medført flytting ut av heimen, inkludert hasteflyttingar. Barnevernstenesta erfarer at det er mangel på tilstrekkeleg omfattande tiltak inn i heimen for å kunne unngå omsorgsovertaking der det er mogleg.



## Målgruppe

Familiarer der det førekjem vald og/eller anna alvorleg omsorgssvikt mot born i alderen 6-18 år. Behandlingstiltaket er heimla i barnevernlovens §4-4 og vert implementert som eit alternativ til omsorgsovertaking etter §4-12.

## Hovudmål

- Familiar får tilgang til meir fleksible og heilskaplege tiltak som fyller det eksisterande gapet mellom behov for hjelpetiltak i heimen og omsorgsovertaking
- Hjelpe foreldre til å skape tryggleik og utviklingsfremjande oppvekstvilkår for borna
- Unngå belastninga forbundet med omsorgsovertaking for born og familiarer der det er mogleg
- Redusere omsorgstiltak finansiert av offentlege tenester/ressursar

Foto: Gunborg Irene Spissøy Kyvik

## Kva skal vi utvikle?

- I forprosjektfasen skal ein greie ut om det er grunnlag for å opprette eit MST-CAN-team i dei aktuelle kommunane
- Dersom befolkningsgrunnlaget tilseier det, vil ein i samarbeid med Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge (NUBU) etablere eit MST-CAN-team bestående av ein rettleiar, tre-fire terapeutar og ein miljøterapeut
- MST-CAN er eit svært intensivt behandlingstiltak som går over 6-9 månader. Behandlingsinnhaldet er tilpassa dei mest sentrale risikofaktorane for vald og omsorgssvikt. Familien kan kontakte teamet 24 timer i døgnet, 7 dagar i veka og få rettleiing i krevjande situasjonar som oppstår utanom ordinær arbeidstid.

Vil du vite meir?

## Ta kontakt med:

Jørund Tvedt, barneversleiar på e-post [Jorund.tvedt@stord.kommune.no](mailto:Jorund.tvedt@stord.kommune.no)

Marianne Kannelønning er ny barneversleiar frå mai 2023: [marianne.kannelonning@stord.kommune.no](mailto:marianne.kannelonning@stord.kommune.no)

Gunborg Irene Spissøy Kyvik, prosjektleiar på e-post: [Gunborg.Irene.Spisoy.Kyvik@stord.kommune.no](mailto:Gunborg.Irene.Spisoy.Kyvik@stord.kommune.no)

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Bømlo, Fitjar, Stord, Karmøy, Bokn, Haugesund og Utsira og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland. [Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)